

# Forskrift om påslipp/utslipp av olje- og fetthaldig avløpsvann, Alver kommune, Vestland

Heimel: Fastsett av Alver kommunestyre 26.11.2020 med heimel i lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (Forurensningsloven) § 9 nr. 4 og forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) § 15-6 og § 15A-4.

## Kap. 1. Innleiande fastsettingar

### § 1.Føremål og konsekvensar

Lokal forskrift om utslepp av olje- og fetthaldig avløpsvatn skal sikre at olje og feitt blir fjerna ved kjelda, og at olje- og feittutskiljarar blir drifta rett, slik at dei verkar etter føremålet. Forskrifta gjeld både for påslipp til offentlig avløpsnett og for utslepp til resipientar. Forskrifta skal òg sikre at kommunalt avløpsanlegg og personale ikkje kjem til skade, at drift og reinseprosessar ikkje blir vanskeleggjorde, og at oppsamla avløpsslam kan brukast til gjødsel.

### § 2.Definisjonar:

1. *avløpsvatn*: sanitært og industrielt avløpsvatn og overvatn
2. *overvatn*: nedbør og smeltevatn frå f.eks. vegar, plassar, terreng og takflater
3. *oljehaldig avløpsvatn*: avløpsvatn som inneheld motorolje, smørjefeitt, parafin, white-spirit, bensin eller liknande
4. *feitthaldig avløpsvatn*: avløpsvatn som inneheld vegetabilsk og animalsk feitt
5. *frityrfeitt*: feitt som blir brukt til å fritere mat
6. *separatsystem*: eige leidningsnett som skil sanitært og industrielt avløpsvatn vekk frå overvatn
7. *heimelshavar*: eigar/festar av eigedom/bygg der olje- eller feittutskiljar er plassert
8. *avløpsnett*: transportsystem som samlar opp og transporterer avløpsvatn frå bustadhus eller andre bygningar med innlagt vatn
9. *resipient*: mottakar av forureininga, f.eks. sjø, vatn eller vassdrag
10. *sanitært avløpsvatn*: avløpsvatn som hovudsakleg skriv seg frå stoffskiftet til menneske og frå hushaldsaktivitetar, inkludert avløpsvatn frå vassklosett, kjøkken, bad, vaskerom og liknande
11. *industrielt avløpsvatn*: avløpsvatn frå verksemd som har vore nytta til industrielle føremål
12. *verksemd*: brukar av olje- og feittutskiljar
13. *innemiljø*: område under tak som ikkje er påverka av nedbør og/eller overvatn
14. *utemiljø*: område ute som er påverka av nedbør og/eller overvatn.

## Kap. 2. Virkeområde

### § 2-1. Oljeutskiljar

Føresegnene gjeld for verksemder som har utslepp av oljehaldig avløpsvatn, til dømes:

1. bensinstasjonar
2. vaskehallar for køyretøy
3. motorverkstader
4. bussterminalar
5. verkstader og klargjeringsentralar for køyretøy, anleggsmaskiner og skjenegåande materiell
6. garasjeanlegg med tilgang til vatn og mogelegheit for å vaske bilar inne i garasjen.

Verksemder som ikkje er nemnde her, men som har påslepp av oljehaldig avløpsvatn, er ògså omfatta av denne forskrifta.

### **§ 2-2. Fettutskiljar**

Føresegnene gjeld for verksemder som har utslepp av feitthaldig avløpsvatn til offentleg avløpsnett. Slike verksemder pliktar å installere feittutskiljar. Døme på slike verksemder er:

1. restaurantar
2. kafear/konditori
3. catering/ferdigmatprodusentar
4. gatekjøkken/kioskar
5. kantiner
6. slakteri
7. margarin- og matoljeindustri
8. kjøtforedlingsbedrifter
9. hermetikkindustri
10. bakeri
11. meieri
12. friteringsindustri
13. røykeri
14. Bensinstasjoner/matbutikker med steike-/grillavdeling.

Verksemder som ikkje er nemnde her, men som har påslepp av feitthaldig avløpsvatn som står i fare for å overstige 150 mg/l, er ògså omfatta av denne forskrifta.

Større konsentrerte feittmengder, til dømes frityrfeitt, må ikkje førast til utskiljaren. Frityrfeitt må samlast opp og leverast til eit godkjent mottak.

## **Kap. 3. Generelle føresegn**

### **§ 3-1. Ansvarleg for olje- og/eller feittutskiljarar og påslepp av industrielt avløpsvatn**

Utslepp av olje- og/eller feitthaldig og industrielt avløpsvatn og installering av olje- og/eller feittutskiljarar er eit søknadspliktig tiltak som skal godkjennast av Alver kommune.

Søknad skal sendast til Alver kommune kommune. Dette gjeld for ny verksemd, eksisterande verksemd og bruksendringar i eksisterande bygg.

Kven har ansvar for å overhalde krava i forskrifta?

Eigaren av eigedommen er ansvarleg for at krava i forskrifta blir overhaldne.

### **§ 3-3. Søknad om løyve**

Ved etablering av nye utslepp eller vesentleg auke av eksisterande utslepp av feitt- og/eller oljehaldig avløpsvatn eller industrielt avløpsvatn, skal den ansvarlege syte for at det er fylt ut ein fullstendig søknad som inneheld dei opplysningane som går fram av forureiningsforskrifta § 15-4 nr. 1–3.

Søknad skal sendast til Alver kommune på elektronisk skjema som ligg på kommunens heimeside.

### **§ 3-4. Dokumentasjon/teikningsgrunnlag**

Ved etablering av ny utskiljar eller nytt utslepp av oljehaldig, feitthaldig og/eller industrielt avløpsvatn skal det sendast inn dokumentasjon til Alver kommune med generelle opplysningar og teikningar som viser plassering av utskiljar og tilknytingspunkt/utsleppspunkt på kommunalt leidningsnett.

#### **§ 3-5. Alver kommunes rett til kontroll**

Alver kommune skal ha uhindra tilgang til eigedommar der forureining kan oppstå eller har oppstått. Kommunen kan krevje å få lagt fram og få granska dokument og anna materiale som gjeld olje-/feittutskiljaranlegg og drifta av dei.

#### **§ 3-6. Nedlegging**

Dersom verksemda blir lagd ned eller stansa, skal Alver kommune ha melding om dette seinast ein måned før nedlegginga/stansen.

Oljeutskiljaranlegg som vert tekne permanent ut av bruk, skal gravast opp og leverast til eit godkjent avfallsmottak. Dokumentasjon på utført arbeid skal sendast inn til Alver kommune.

Avløpsleidningar skal pluggast i forgreiningspunktet. Alle sluk som har drenert til utskiljaranlegget, skal pluggast.

#### **§ 3-7. Eigarskifte**

Dersom verksemda blir overdregen til ein ny eigar, skal Alver kommune ha melding om dette seinast ein måned før eigarskiftet.

#### **§ 3-8. Kostnader**

Dersom avløpsvatn frå verksemda fordyrar eller har ein uheldig verknad på drifta av Alver kommune sitt vass- eller avløpsnett, kan verksemda bli fakturert for kostnader til retting, utbetring og/eller reparasjonar.

#### **§ 3-9. Tvangsmulkt**

For å sikre at føresegnene i denne forskrifta blir følgde, kan kommunen gjere vedtak om tvangsmulkt etter forureiningslova § 73, jf. forureiningsforskrifta § 41-6.

## **Kap 4. Krav til olje- og fettutskiljar**

#### **§ 4-1. Tilknytning til avløpsnett**

Feitthaldig avløpsvatn som inneheld sedimenterbart materiale, skal passere ein slamavskiljar før det kjem inn i feittutskiljaren. Avløpsvatn med raskt rotnande sedimenterbart materiale skal ikkje passere ein slamavskiljar. Dette er for å unngå rotning. Grovare partiklar skal fjernast med ei innløpsrist før feittutskiljaren.

Oljehaldig avløpsvatn skal før utskiljaren passere eit sandfang eller ei liknande reinseinnetning som er dimensjonert for maksimal reell vassmengd.

Alkalisk reagerande feitt-/oljehaldig avløpsvatn skal nøytraliserast før det blir ført til utskiljaren.

Dersom avløpsnett er laga etter separatsystemet, skal avløp frå utskiljaren knyttast på spillvassnett.

#### **§ 4-2. Sanitæravløpsvatn og overvatn**

Det er ikkje tillate å føre sanitært avløpsvatn til olje- og feittutskiljarar.

#### **§ 4-3. Forholdet til utsleppskrav fastsette av Fylkesmannen eller Miljødirektoratet**

For verksemder som har eigne utsleppsløyve frå anten Miljødirektoratet eller Fylkesmannen, kjem desse krava i tillegg til dei krava som kommunen stiller. Etter forureiningslova § 7 skal verksemda unngå forureining som ikkje er nødvendig, sjølv om krava frå Miljødirektoratet eller Fylkesmannen blir overhaldne.

Denne paragrafen gjeld òg for dei komponentane som ikkje er regulerte av Miljødirektoratet eller Fylkesmannen, eller dersom ny teknologi gjer det mogeleg å redusere utsleppet enda meir utan urimelege kostnader for verksemda.

#### **§ 4-4. Krav til avløpsvatnet**

Avløpsvatn som blir ført til kommunalt nett frå verksemder, skal ikkje overskride følgjande grenser:

<b>Parametrar</b>	<b>Grenseverdi</b>
Temperatur på feittutskiljarar	<30 °C
Temperatur på oljeutskiljarar og andre industriutslepp	<45 °C
Feitt	<150 mg/l
Olje (mineralsk)	<10 mg/l utslepp til overvatn og sjøresipient <20 mg/l utslepp til kommunalt avløpsnett (anlegg installert etter 1. januar 2020) <50 mg/l utslepp til kommunalt avløpsnett (anlegg installert før 1. januar 2020)
pH	5,5–8,5
Suspendert stoff	<400 mg/l
Bly (Pb)	<50 µg/l
Kadmium (Cd)	<5 µg/l
Krom (Cr)	<50 µg/l
Kvikksølv (Hg)	<2 µg/l
Nikkel (Ni)	<50 µg/l
Kopar (Cu)	<200 µg/l
Sink (Zn)	<500 µg/l
Organisk stoff, KOF	<600 mg/l
Organisk stoff, BOF5	<300 mg/l
Klorid (Cl <sup>-</sup> )	<1000 mg/l
Sulfat (SO <sub>4</sub> <sup>2-</sup> )	<500 mg/l
Nitrifikasjonshemming	<50 %
Total fosfor (Tot P)	<10 mg/l
Total nitrogen (Tot N)	<60 mg/l

#### **§ 4-5. Krav til bruk av vaske- og avfeittingsmiddel**

Verksemnda skal gå i dialog med kjemikalieleverandørane og eventuell annan kompetanse på området for å optimalisere kjemikaliebruken med tanke på å redusere olje- og feittutsløppa. Nokre vaskekjemikaliar kan redusere reinsefunksjonen til olje-/feittutskiljaranlegget. Slike må ikkje brukast.

#### **§ 4-6. Utforming**

Materiala i og utforminga av utskiljarane skal tilfredsstillе dei gjeldande krava i Norsk Standard. Det er verksemnda som er ansvarleg for at sandfang og olje- eller feittutskiljar, eller eventuelt anna godkjent utstyr, er dimensjonert for den belastninga som reelt er tenkjeleg.

Minste tillete størrrelse på fettutskiljar er i Alver kommune satt til NS 4.

Det må vere tett lokk på utløpskassen.

#### **§ 4-7. Inspeksjons- og kontrollkum**

Rett nedstraums for utskiljaren skal det vere ein inspeksjons- og kontrollkum som gjer det mogleg å ta prøver av avløpsvatnet. Det skal installerast prøvetakingskummar på eksisterande olje og fettutskiljaranlegg.

Utskiljarane må vere lett tilgjengelege for inspeksjon og utskifting.

## **Kap. 5. Krav som gjeld prøvetaking og analysar**

### **§ 5-1. Prøvetaking og analysar**

#### **Oljeutskiljarar:**

Det skal gjerast representative målingar av oljeutskiljarar for å dokumentere kvaliteten på utsleppet til det kommunale nettet og til resipient. Før tømning skal det kvart år takast minst ei representativ prøve frå inspeksjons-/kontrollkummen. For større verksemder eller utskiljarar med høg belastning eller omfattande kjemikaliebruk vil Alver kommune krevje minst to prøver.

For bilvaskeplassar krevst det sommarprøve og vinterprøve.

#### **Feittutskiljarar:**

For feittutskiljarar skal prøver av temperatur ut frå utskiljaren gjennomførast over 3 døgn når anlegg er i full drift. Alver kommune kan ògså krevje at ein tek representative prøver frå inspeksjons-/kontrollkummen, jf. første avsnitt.

Temperatur i fettutskiljar skal ikkje overstige 30°C.

#### **Industrielt avløpsvatn**

Prøvetaking er spesifisert i godkjenning av utslepp.

## **Kap. 6. Krav som gjeld tømning, drift, vedlikehald og dokumentasjon**

### **§ 6-1. Tømning**

Regelmessig tømning og reingjering er avgjerande for at olje- og feittavskiljar skal vere effektive.

Verksemda skal inngå ein avtale med eit tømmefirma om regelmessig tømning tilpassa behova til verksemda. Det skal til kvar tid finnast ein gyldig tømmeavtale.

Alver kommune kan gi pålegg om endring av tømmefrekvensen dersom det er nødvendig.

Opplysningar om datoen for kvar tømning og om kven som utførte tømninga, mengde olje/fett tømt skal førast inn i driftsjournalen for anlegget.

Oljeutskiljarane skal tømast minst ein gong kvart år, og elles når det måtte vere nødvendig for å overhalde utsleppskravet, jf. § 4-4. Olje som blir samla opp i oljeutskiljaren, blir rekna som farleg avfall og kjem inn under avfallsforskrifta kap. 11. Verksemdar kan søkje om sjeldnare tømning dersom det kan dokumenterast at tømning etter minimumskravet ikkje er nødvendig. Dokumentasjonen skal innehalde dimensjonskontroll av utskiljaren og analyserapportar for olje i utløpsvatnet, samt akkumulert oljemengde i utskiljar og akkumulert mengde slam i sandfang.

Feittutskiljarar skal tømast 3-12 gonger per år. Verksemdar kan søkje om sjeldnare tømning dersom det kan dokumenterast at tømning etter minimumskravet ikkje er nødvendig. Dokumentasjonen skal innehalde dimensjonskontroll av utskiljaren og analyserapport for feitt i utløpsvatnet samt temperaturlogg og akkumulert feittmengde i utskiljaren.

For kvar feittutskiljar skal det utførast minst 2 temperaturmålingar i anlegg per år. Logging skal utførast over tre døgn når anlegg er i full drift.

### **§ 6-2. Drift, vedlikehald og kontroll**

Oljeutskiljarane skal ha tilstrekkeleg kapasitet til å sikre nok opphaldstid til utskiljing av olje.

Feittutskiljarane skal ha tilstrekkeleg kapasitet og låg nok temperatur til å sikre nok opphaldstid for utskiljing av feitt.

Firmaet ein har inngått tømmeavtale med, skal gjennomføre ein årleg driftskontroll av anlegget.

Alle reinseanleggsvolum (utskiljar, sandfang, oppsamlingstank, inn-/utløpsleidningar osv.) skal reingjerast årleg.

Driftskontroll og reingjering kan utførast i samband med tømning av utskiljaren.

Med intervall på maksimalt fem år skal ein utføre inspeksjon av oljeutskiljar i samsvar med SS EN 858-2. Oljeutskiljaren skal tømast og inspiserast grundig av fagkyndig personale.

### **§ 6-3. Dokumentasjon**

Tømmeoperatøren skal sende inn årsrapport for olje- og feittutskiljarar til Alver kommune. Rapport frå femårskontroll av oljeutskiljar skal sendast til Alver kommune.

## **Kap. 7 Beredskap mot akutt forureining**

### **§ 7-1. Førebygging av akutte utslepp**

Verksemda pliktar å gjennomføre førebyggjande tiltak for å unngå, eventuelt avgrense, risikoen for akutt forureining.

Det skal vere rimeleg samsvar mellom beredskapen og sannsynet for akutte skadelege utslepp til avløpsnettet og omfanget av dei skadane og ulempene det kan føre med seg. Beredskapsrutinane skal inngå i verksemdas internkontrollsystem for helse, miljø og tryggleik, og dei skal dokumenterast.

#### **§ 7-2. Varslingsplikt**

Dersom det skulle oppstå akutte utslepp som følgje av verksemdas aktivitetar, skal Alver kommune varslast med ein gong. Verksemda vil vere økonomisk ansvarleg for konsekvensar av akutte utslepp.

Verksemda har også plikt til å varsle kommunen om unormale påslepp av avløpsvatn.

## **Kap. 9. Ikraftsetjing**

### **§ 9-1. Ikraftsetjing**

Forskrifta trer i kraft xx.xx 2020.